

Brynesteinbrotet

Foto: L. Jambveit


**TURVEGEN
TAR DEG OPP TIL
STEINBROTET
BRUNÅSLID.**

Dette var det største av mange brynesteinsbrot i Eidsborg-Lårdalsområdet. Brotet vart truleg opna tidleg på 1700-talet og var i drift til rundt 1950. Ein ser dei store "uslehaugane", som var avfall frå brynesteinsproduksjonen. Ved den øvre haugen ser ein tufter etter ei av arbeidsbrakkene. Brynestein frå Eidsborg har ei lang historie og ein reknar

drift i berga her attende til omlag 700 e.Kr. Den vart skipa ut vassvegen (Telemarkskanalen). Brynesteinen er og ei særmerkt handelsvare som allereie vikingane tok med seg ut på sine ferder. Brynestein er slik funnen over heile Europa.

**KVA KAN
DU SJÅ
PÅ TUREN?**
VINDLAUSLOFTET:

Vindlausloftet frå 1167 er den eldste ikkje-kyrkjelege trebygningen i Noreg.

Foto: L. Jambveit



Tors møte med brynesteinen



Illustrasjon Ludwig Pietsch (1824-1911).
Fra Wikipedia Commons.

Layout: Nina Akersveen / Trykk: Erik Tønde Nilssen as

**SNORRE STURLA-
SON FORTEL** i sin saga om jotnen Rugne og Tor med hamaren som ein gong rauk uklår. Då kasta Tor hamaren mot Rugne, medan Rugne kasta ein brynestein mot Tor. Steinen trefte hamaren i lufta, og blei splintr. Nokre av splintane fall ned i Midgard, og av dei er alle brynesteinsberg blitt til. Ein av splintane trefte Tor i hovudet, og den greidde han ikkje fjerne. Difor skal du ikkje kaste brynestein

tvers over golvet, for då rører brynesteinen seg i hovudet på Tor".



Vandreregionen

www.vandretelemark.no

www.visitdalen.com

Ansvarleg utgivar er VTNU AS og Tøkke kommune med støtte frå



Eidsborg – Telemark

TURMÅL Brynesteinbrotet

TEMA Historie/geologi



Foto: L. Jambveit

GRØNNSTEIN:

På turen kan du sjå grønnstein.

Foto: J. Kasin


EKORN (Sciurus vulgaris):

vert og kalla "Trebjønn" i Vest-Telemark. Foto: L. Jambveit


MOLTE (Rubus chamaemorus):

– "Skogens gull". Ho smakar godt og blir nytta til mat.

Foto: L. Jambveit



Om turen

MIDDELS KREVJANDE TUR i kupert terreng. Stigen følger store delar av ein gamal ferdselsveg som i dag er ein del av pilgrimsvegen i Vest-Telemark. Turen er ikkje lengre enn 4 km, men ein bør likevel rekne 2 timar på grunn av terrenget. Etter den fyrste stigninga kjem du til eit utsynspunkt med benk. Panoramabildet i denne guiden er tatt frå dette punktet. Det er og benkar på toppen ved brotet. Ved start og under heile turen er det informasjons skilt. Frå brotet kan du gå fylkesvegen attende til museet.

TUREN STARTAR ved Vest-Telemark Museum, Eidsborg. Stigen startar ved Juvestoga på museumsområdet.

Køyreforklaring

Vest-Telem. museum

Det er godt skilta til Vest-Telemark Museum frå Høydalsmo og Dalen.

Ta av frå E134 i Høydalsmo og følg så Fv45 og skilting til Vest-Telemark Museum, Eidsborg og Eidsborg stavkyrkje. Frå Dalen kjører du Fv 45 mot Høydalsmo. Sjå etter skilt til Vest-Telemark Museum og Eidsborg stavkyrkje.



Parkering ved museet og Eidsborg stavkyrkje.

Du har sjølv ansvar for tryggleiken undervegs. Ta omsyn til naturen og beittande dyr. Gjer vel å ta med søppel heim. God tur!



Turkart: Tokke

NB:
Hugs godt fottøy!



Tilgang:
mai til oktober




Foto: J. Kasin